

Årsmelding 2017

for Selje sokneråd

Medlemmar i råd og utval

Selje sokneråd

Frå 25.01.2017

Kirsti A. I. Elde, leiar
Arne Martin Rundereim, nestleiar
Roald Halsør, kasserar
Marilyn Osmundsvåg, sekretær
Anne Helen Espeseth
Doris Hammersvik
Haldis K. Håvik
Silje Sneide

Sokneprest Kari Leine Balog (til 01.09-17)
Vikarprest: Beate F. Osdal (til jan. 18)

Varamedlemmer:

Marie Vikene Berge
Gunn Karin Lillesalt
Johanne Martha Myrstad Lesto
Anne Torheim Rundereim

Representantar i fellesråd

Anne Helen Espeseth
Doris Hammersvik
Vara: Marilyn Osmundsvåg og Gunn K. Lillesalt

Representantar i Seljumannamessekomiteen

Marie Vikene Berge
Anne Torheim Rundereim
Vara: Kirsti A. Elde
Dessutan er Roald Halsør og Jon Inge Sigerland med i Seljumannamessekomiteen, oppnemnde av prostirådet. Kari Leine Balog er medlem i kraft av stilling fram til 1.09.2017.
Beate:

Medliturg og kyrkjevertutval:

Haldis Håvik og Johanne M.M. Lesto
Vara: Marie Vikene Berge

Representant trusopplæringsutvalet

Silje Sneide
Johanne Martha M. Lesto

Kontakt for Kirkens Nødhjelp: Kirsti Elde

Ansvarleg for kyrjekaffi: Anne Torheim Rundereim og Johanne Martha M. Lesto

Musikkutval: Roald Halsør og Gunn K. Lillesalt

Kandidat frå Selje Sokn til fellesnemd Selje/Eid: Haldis Håvik. Vara: Arne Martin Rundereim, Kirsti Elde, Doris Hammersvik.

Møte

Selje sokneråd hadde 9 møte i 2017 og handsama 79 saker. Årsmøte vart halde 4. mars på Moldstad Grendehus. Her var speidarane i Nordpoll spesielt invitert. Koret «Frisk bris» var og deltakande. Vi hadde program, song og basar, årsmøtesaker til slutt.

Dugnad: 2. mai hadde vi vask og støvsuging i Kyrkja før visitas.

Gudstenester

Det er halde 33 gudstenester i Selje sokn, med til saman 2658 deltakarar. 2 av disse er halde på institusjon og 5 er halde på annen stad (Flatraket skule).

Det blir kvar månad halde andakt på Seljetun og Selje Eldretun, der organist tekk del.

Friluftsgudstenester

Laurdag 6. mai var pilegrims- vandre- og pustegudsteneste for alle 3 sokna med start på Drage, og vandring til Leikanger kyrkje. Dette var i helga med bispevisitas.

Seljumannamessa var på Selja søndag 02. juli 2017. Predikant var biskob em. Tor Berger Jørgensenen. Organist Jon Inge Sigerland, Line Dybedal Vederhus og Bergen domkantori stod for den musikalske ramma rundt arrangementet.

Open kyrkje

Selje kyrkje var også i 2017 open alle kvardagar kl. 08-20, på sommartid. Skriftleg informasjon og bøneskriv blir lagt fram, og besøkande kan skrive seg inn i gjesteboka. Her vert det skrivet mange helsingar og takk frå publikum, for at kyrkja er open. Soknerådsmedlemmar og andre, har hatt som dugnad å låse kyrkja om kvelden, ei veke kvar.

Kyrkja var open for kveldsliturgi dei søndagar som ikkje var gudsteneste i Selje. Etter kvart vart dette bestemt til å være på dagtid torsdag, før babysang.

Konsertar

Tre konsertar var halde i regi av Selje sokneråd, av dei julekonserten i adventtida og gospelkveld med Frisk Bris.

4 konsertar var arrangert av andre. Helgesenkoret hadde 2 konsertar andre helga i desember, og ein konset under sunnivafestivalen i april. ?Bergen Domkantori hadde konsert 1. juli, i forbindelse med Seljumannamesse . Det er tilsammen registrert 1039 tilhøyrar på konsertane.

Offer

Det kom inn ved offer/kollekt Kr. 60.565-. Av desse var Kr. 13.076,- til eiga verksemd. Det kom inn kr. 15.600 via kyrkjelydens giverteneste (fellesråd). Ved andre måter som gaver og basar kr. 34.198 der 27.000 gikk til eigen verksemd.

Kyrkjelige handlingar

I løpet av 2017 var det

Døpt 21 born(noken bur andre plasser), så er 5 born frå Selje, døypt andre stader.

Konfirmert 17 (2016 = 22)

Det var halde

2 Vigsler mot (2016 = 7) og

12 Gravferder mot (2016 = 18)

Trusopplæring

Etablerte tiltak er:

☐ Dåp med dåpssamtale, der familien får bønheftet "Velsign vårt hus"

☐ Baby- småbarnsong

☐ Utdeling av 4 årsbok

☐ Bibel til 5. klasse

Lys Vaken. Overnatting i kyrkja for 10- og 11-åringar. I 2017 var det i Selje kyrkje.

☐ Jule-og ev. påskebarnekor (2017: julebarnekor)

Nytt frå hausten er at babysong inviterer til laurdagsgraut på Selje Bedehus. Her er sangstund over same opplegg som småbornssang, og servering av graut. Eline har fått med seg Haldis og Anne frå soknerådet desse 4 laurdager.

Barnehagen besøker kyrkja 3 gonger i løpet av året; ved juletid og påske, i tillegg til et møte for dei litt større før sommeren.

Det er to skulegudstenester før jul i soknet, i Selje kyrkje og på Flatraket skule.

Konfirmantane har alltid ein undervisningsdag på Selja, og nattcup i Nordfjordhallen saman med konfirmantar frå Vanylven.

Konfirmantane er også med på den landsdekkande fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Dette er ei dør-til-dør innsamling.

Misjonsprosjekt:

Etter at barneheimen Svetly Put i Kirgisistan vart lagt ned, har vi no tatt sjukehuset i Okhaldhonga / Nepal, som nytt misjonsprosjekt. Normisjonsforeningar i heile Nordfjord støtter dette prosjektet og fleire damer på Flatraket er med og strikker sokkar, tepper og luer til barna, som dei sender til regelmessig.

Lag og aktivitetar

Det er barnelag i Nordpoll med leiar Elisabeth Nordpoll og Selje Sør KFUK/KFUM speidargruppe. Leiar er Stein Robert Osdal.

Diakoninemnda på Flatraket lagar til samlingar på Flatraket Eldretun ein gang i månaden.

Bispevisitas

3. -7. mai var det bispevisitas for Selje Prestegjeld. Biskop Halvor Nordhaug møtte 9. og 10. klasse ved Selje skule, bedriftsbesøk på PANEDA. På stadlandet eldretun holdt biskopen andakt og det var skulegudsteneste i Leikanger. Laurdag var det et roligere program der sokneprest Kari leia oss i pilgrims, vandre og puste gudsteneste over Dragseidet, med start på Drage. Grendahuset var fullt på lørdagskvelden med fest for medarbeidarane. Det ble servert fiskesuppe og elles en del underhaldning. Biskopen hadde gode ord til forsamlingen med tema «Kvifor gå til gudsteneste» visitasdagane ble avslutta med en festgudsteneste i Selje Kyrkje der ma. Koret «Frisk Bris» tok del. Vi hadde sjølvsaft kyrkjekaffi med mykje gode kaker.

Tilsetjing av ny sokneprest

Etter at Kari L. Balog sluttet i stilling som sokneprest i Selje, ble det hausten 2017 søkt etter ny prest. Det var 3 søkjarar. Dei tre sokneråda la fram si innstilling, og bispedømerådet ansatte Eli- Johanne Rønnekleiv.

Beate F. Osdal var vikar frå september 2017 til januar 2018, da Eli-Johanne Rønnekleiv tok til i si nye stilling.

Det hører med at ordinasjon var i Stord kyrkje laurdag 6. januar-18, og innsetjingsgudsteneste for den nye soknepresten var 14. januar i Selje kyrkje. Representant frå Selje i Stord; Kirsti Elde. Prost Rolf S. Eikum var og tilstades på begge desse gudstenestene. Velkommen til Eli-Johanne Rønnekleiv.

Mål og strategi

I samband med førebuing av visitas, vart det halde eit møte for alle sokneråda det vart arbeid med strategi og planer framover. Eg avsluttar med det som Selje ville ha fokus på:

Mål: Selje sokneråd har som mål, at fleire kommer til kyrkje, og satsar på barn og unge.

Vi ønsker å få til ei fast gruppe som samarbeider med prest før gudstenester. Ein fordeler da oppgåver som ma. Kyrkjevert og tekstlesar.

Vi ynskjer å få til ei ordning med kyrkjeskyss.

Vi ynskjer å gi barn og unge midlar, slik at dei kan være med på leirar, teks. På Fjordly

Selje, februar 2018